

# FISKERIDIREKTØREN

Ark.nr. 412.5 Torske

Bergen, 20.3.1985  
TLØ/THH

## MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN.

J. 39/85

ENDRING I FORSKRIFT AV 21. DESEMBER 1984 NR. 2162 OM FISKE ETTER TORSK NORD FOR 62° N.BR. I 1985 MED KONVENTSJONELLE REISKAPAR, MED SLIKE REISKAPAR I KOMBINASJON MED TRÅL OG BIFANGST AV TORSK VED ANNA FISKE M.M. (TORSKEREGLERINGSFORSKRIFTA).

Fiskeridepartementet har med heimel i lov av 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske m.v. § 4, den 15. mars 1985 bestemt:

### I

I forskrift av 21. desember 1984 nr. 2162 om fiske etter torsk nord for 62° n.br. i 1985 med konvensjonelle reiskapar, med slike reiskapar i kombinasjon med trål og bifangst av torsk ved anna fiske m.m. (Torskereguleringsforskrifta), gjøres følgjande endring:

§ 1 skal lyde:

Fiskestopp.

I området nord for 67° n.br. er det forbode å fiske etter torsk med andre reiskapar enn trål og ruser, og å ha andre reiskapar enn ruser stående i sjøen for fiske etter torsk fra fredag 13. desember 1985 kl 2400 til tysdag 31. desember 1985 kl 2400.

Reiskap som grunna over ikke kan dragast innan forbodstida etter første ledd tek til, skal dragast så snart råd er etter at verhindringa er over.

### II

Denne endringa vert sett i verk straks.

Etter desse endringane har forskriftene denne ordlyd:

## Kap.I.

### Periodar med fiskestopp og avgrensing i garnmengda.

#### Fiskestopp.

I området nord for 67° n.br. er det forbode å fiske etter torsk med andre reiskapar enn trål og ruser, og å ha andre reiskapar enn ruser ståande i sjøen for fiske etter torsk fra fredag 13. desember 1985 kl 2400 til tysdag 31. desember 1985 kl 2400.

Reiskap som grunna uver ikke kan dragast innan forbodstida etter første ledd tek til, skal dragast så snart råd er etter at verhindringa er over.

#### § 2

#### Sportsfiske.

Forbodet mot fiske etter torsk i § 1 gjeld og sportsfiske. Fiskeridirektøren kan etter søknad dispensere fra dette forbodet.

Utan hinder av forbodet i første ledd kan det likevel fiskast til eige konsum med stong og handsnøre. Fisket må avgrensast til dei kvanta av torsk som går med til eigen huslyd sin trøng for fersk fisk i forbodsperioden nemnde i § 1.

Fangst som nemnd i første ledd kan ikke omsetjast eller tilverkast for sal.

Fiske med juksa-maskin vert ikke rekna som handsnøre etter denne paragrafen.

#### § 3

#### Bifangst.

I perioden med forbod mot fiske etter torsk, jfr. § 1, er det forbode å ta større bifangstar av torsk ved fiske etter andre fiskeslag enn 15% aust for Sværholt i Finnmark og 10% i andre kystområde, rekna i vekt av heile fangsten om bord eller ved landing.

#### § 4

#### Garnmengde.

Ingen båt må bruke fleire garn enn det som kan røktast dagleg.

## KAP. II.

Kvoteregulering av farty som fiskar etter torsk berre med konvensjonelle reiskapar og farty som fiskar med slike reiskapar i kombinasjon med reketrål og trål.

### § 5

#### Maksimalkvote for farty som fiskar med konvensjonelle reiskapar.

Kwart farty som fiskar torsk med andre reiskapar enn trål kan i 1985 ikke fiske meir enn 350 tonn torsk rund vekt i området nord for 62° n.br. Farty som har konsesjon for å drive trålfiske etter torsk, jfr. forskrifter om tildeling av tillatelse til å drive fiske med trål av 28. april 1978, og som driv slikt fiske i kombinasjon med garn, line eller juksa kan heller ikke fiske meir enn 350 tonn torsk i nemnde område.

Farty som har fiska opp maksimalkvoten etter første ledd i denne paragrafen kan ved fiske etter andre fiskeslag taka 10% bifangst av torsk rekna i vekt av heile fangsten i kvar landing. Bifangst av torsk som overstig 10% skal reknast som overfiske av maksimalkvoten etter første ledd.

### § 6

#### Kvote for farty med konsesjon for reketrålfiske.

Farty med konsesjon for trålfiske etter reker, jfr. forskrifter om adgangen til å drive trålfiske etter reker av 29. juni 1984 (reketrålforskriftene), kan i 1985 ikke fiske meir enn totalt 5.500 tonn torsk rund vekt i området nord for 62° n.br.

Kwart farty som har konsesjon for trålfiske etter reker kan i 1985 ikke fiske meir enn 175 tonn torsk rund vekt i området nord for 62° n.br.

Fiskeridirektøren kan stoppe fisket når det er utrekna at totalkvoten etter første ledd er oppfiska.

Etter at totalkvoten etter første ledd er oppfiska kan det ved fiske etter andre fiskeslag takast 10% bifangst av torsk rekna i vekt av heile fangsten i kvar landing. Denne bifangstregelen gjeld også for farty som har fiska opp kvoten etter andre ledd før fisket er stoppa etter tredje ledd. Bifangst av torsk som overstig 10% skal reknast som overfiske av kvoten etter andre ledd.

## § 7

Kvoteregulering\_av\_farty\_med\_konsesjon\_både\_for\_reketrål\_fiske\_og\_torsketrål\_fiske.

Reglane i § 6 gjeld og for farty og som kjem inn under § 6 punkt 2 i forskrifter om regulering av trål fiske etter torsk nord for  $62^{\circ}$  n.br. i 1985 av 21. desember 1984, som i tillegg til konseksjon for trål fiske etter reker også har konsesjon for trål fiske etter torsk, jfr. forskrifter om tildeling av tillatelse til å drive fiske med trål av 28. april 1978.

KAP.\_III.Kvote\_for\_farty\_som\_driv\_fiske\_med\_garn\_og\_line\_etter\_botnfisk\_i\_andre\_Lands\_soner.

## § 8

Farty som driv fiske med garn og line etter torsk, hyse, sei, kveite, blåkveite, pigghå, håbrand, lange, blålange og brosme i sonene til andre land kan i 1985 ikke fiske meir enn 175 tonn torsk rund vekt med andre reiskap enn trål i norsk sone mellom  $62^{\circ}$  n.br. og  $65^{\circ}$  n.br. og i området nord for  $65^{\circ}$  n.br. og aust for Ø-meridianen.

Med sonene til andre land er i paragrafen her og i §§ 9 og 10 i denne forskriften ment EF-sona, færøysk sone, islandsk sone og NAFO-området.

## § 9

Reglar\_om\_overfiske.

Farty som har overfiska den kvoten som er fastsett i § 8 i denne forskriften kan i 1985 ikke drive fiske med garn og line i sonene til andre land etter dei fiskeslaga som er nemnde i § 8. Maksimalkvoten på 350 tonn i § 5 gjeld for farty som ikke fiskar i andre lands soner, jfr. § 8, andre ledd.

Utan omsyn til forbodet i første ledd kan Fiskeridirektøren gi løkke til farty til å drive slikt fiske i sonene til andre land som nemnd i § 8, når overfisket av kvoten etter § 8 blir innredgen av vedkomande salgslag, jfr. § 7 i lov om saltvannsfiske m.v. av 3. juni 1983.

## § 10

Bifangst.

Farty som har fiska opp kvoten sin etter § 8 kan ved fiske etter andre fiskeslag taka 10% bifangst av torsk rekna i vekt av heile fangsten i kvar landing. Bifangstar som overstig 10% skal reknast som overfiske av kvoten etter § 8.

KAP.\_IV.Utfyllande reglar.

## § 11

Fiskeridirektøren kan gi forskrift om gjennomføring og utfylling av denne forskrifta.

KAP.\_V.Strafferegler.

## § 12

Aktlause eller forsettlege brot på forskrifta her og medverknad til slike brot blir straffa med bøter, jfr. §§ 53 og 54 i lov om saltvannsfiske.

KAP.\_VI.Iverksetting.

## § 13

Forskrifta her vert sett i verk frå 1. januar 1985, og gjeld til og med 31. desember 1985.

-----